



Harald Normann Nilsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1925 - 14/13953

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

10.06.2014

## Omgjøring av søknad utan ansvarsrett til søknad med ansvarsrett for etablering av mur på gbnr 134/450 Hilland

Administrasjonen syner til Dykkar søknad om etablering av mur, søknad motteke her den 28.02.2014.

### Søknaden

Det er søkt om etablering av mur aust på tomta, inntil kommunal veg. Avstand til midt-veg er opplyst til å vere 5,6 meter. Muren er opplyst til å ha en høgde på 0,8 til 1,0 meter.

Det er på innsendte kart skildra ei mur i sør på tomta, men slik administrasjonen kan sjå er ikkje den skildra blant innsendte teikningar. Det er difor kunne teke stode til mur i aust på tomta, langs bilveg.

Ut i frå innsendte kart kan det sjå ut som tiltaket ligg nærmere offentleg vass- og avlaupsrøyr enn 4 meter, dette vart det opplyst om i skriv frå kommunen 04.06.2014.

### Vurdering

Ved nærmere vurdering av innsendte søknadsmaterialer og tiltakets omfang vurderast tiltaket til å falle inn under Plan- og bygningslova § 20-1 a vedkomande oppføring av konstruksjoner. I desse søknadene må det søkjast om ansvarsrett for søknad, prosjektering og utførelse, jf. Pbl § 23-1 første ledd.

Som ansvarleg foretak vert det i denne saka ikkje godkjent sjølvbyggjar.

Innsendte søknad med teikningar har ikkje vært av tilfredstillende kvalitet. Det er uklart både for Teknisk Drift og for byggesak hos kommunen korleis tiltaket er planlagt utført. For ei mur så nærme offentleg leidningsnett som denne stilles det krav til både forsvarleg prosjektering og utførelse, og denne stiller administrasjonen krav til skal vere prosjektert og utført av ansvarleg foretak.

### Avgjerd

Søknad om etablering av mur vert omgjort til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-1 a. Søknaden skal illeggast ansvarsrett for funksjonene SØK (ansvarleg søkjer), PRO (ansvarleg prosjekterande) og UTF (ansvarleg utførande). Kommunen godkjenner ikkje tiltakshaver som sjølvbyggjar i denne saka.

Med helsing

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Harald Normann Nilsen